

Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga



Kari og Ola Nordmann
Landsbygda
9999 Noreg

Handbok for bonden

- **Lover og reglar**
- **Etablering**
- **Samdrift**
- **Tilskot**
- **Miljøtiltak**
- **Praktikantar**
- **Pensjon**
- **Erstatningsordninger**
- **Kurs**
- **+ + + + +**

*Vegviser i
den offentlege
papirmølla!*

Innleiing

Kjenner du til alle tilskots-, støtte- og erstatningsordningane som du kan nytte deg av? Dette er ein liten vegvisar til den offentlege labyrinthen, slik at du lettare skal finne fram til dei ordningane som passar for deg. I tillegg finn du ein del tips om kva oppgåver det offentlege krev av deg som driv eit landbruksføretak.

Dette heftet er gitt ut av Fylkesmannen i Hordaland. Kwart fylke er styrt av to offentlege organ: fylkesmannen og fylkeskommunen. Fylkesmannen har ansvar for å gjennomføre Stortinget og Regjeringa sin politikk, medan fylkeskommunen er styrt av regionale politikarar. Innan landbruk arbeidar fylkesmannen direkte mot det produksjonstekniske, næringsutvikling og arealforvaltning, medan fylkeskommunen arbeidar med kulturverdiar i landbruket i tillegg til næringsutvikling.

Innhald:

Innleiing	2
Lover og reglar	3
Litt om rekneskap og oppgåver	5
Litt om miljø og kvalitet	8
Tilskotsguide	11
Erstatningsordninger	19
Kurs og etterutdanning	21
Nyttige adresser:	22

tekst : Åshild Hjørnevik
foto : Landbruksavdelinga
grafisk design : Victor Jensen
trykk : Grafisk Team

Bergen - 2009



Lover og reglar

Regelverket er ein viktig del av velferds-samfunnet. For deg som gardbrukar er mellom anna desse lovene viktige:

- Beitelova
- Dyrevernova
- Jordlova
- Forurensningslova
- Naturvernova
- Bygdeallmenningslova
- Grannegjerdelova
- Fjellova
- Konesjonslova
- Matlova
- Odelslova
- Skogbrukslova
- Svine- og fjørfeproduksjonslova
- Meirverdiavgiftslova
- Rekneskapslova

Andre typar regelverk er forskrifter, rundskriv og retningslinjer. Desse gjev meir detaljerte og utfyllande reglar enn lovene. Nettsida www.regelhjelp.no er ei offentlig nettside der du finn oppdatert informasjon om ulike aktuelle regelverk som gjeld for føretaket ditt. På denne sida samlar og prioriterar styresmaktene dei viktigaste krava til landbruket, slik at du slepp å leite

gjennom alle lovene og forskriftene sjølv. I tillegg kan du finne lover og forskrifter på www.lovdata.no. Rundskriv og retningslinjer for ei ordning finn du på nettsidene til det organet som forvaltar ordninga og på www.lovdata.no

Hefta "Tilrettelegging for landbruksrelatert næringsverksemd" viser kva moglegheiter som ligg i plan- og bygningslova. Hefta er gitt ut av Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet, du finn dei på www.regjeringen.no.

Kommunen kan hjelpe deg ved spørsmål om regelverket.



Registrert føretak: For å kunne søkje om tilskot treng du eit registrert føretak i Einingsregisteret i Brønnøysund.

Informasjon om etablering og registrering av føretak finn du på www.brreg.no, www.bedin.no og www.altinn.no eller ring Brønnøysundregistra eller Narvik-telefonane.

Produsentnummer: Du treng eit produsentnummer når du skal levere dyr til slakteri eller produsere mjølk. Kommunen din hjelper deg med dette.
Kontakt kommunen for meir informasjon.

Samdrift: Ei samdrift er eit føretak der eigarane/brukarane av ulike landbruks eigedommar samarbeidar om heilårs produksjon av mjølk. Samdrifta må vere godkjent av Statens landbruksforvaltning før oppstart med felles produksjon.

Konsesjonsgrenser for svine- og fjørfe-produksjon: Svine- og fjørfeproduksjon er regulert av konsesjonsgrenser. Det vil seie at berre føretak og personar som har fått konsesjon frå fylkesmannen, kan produsere i større skala enn konsesjonsgrensene.

Mjølkekvota tilhøyrer eigedommen. For å få kjøpe mjølkekvote, enten privat eller offentleg, må det som hovudregel vera ei mjølkekvote på eigedommen du disponerer. Nyetablerar utan kvote kan søkje om å få kjøpe statleg kvote. Søkjar må fylle særskilde krav for å få kjøpe kvote til nyetablering. Mjølk som vert omsett utan eller utover kvote, vert pålagt overproduksjonsavgift. Om du ønskjer å foredle mjølka sjølv, kan du søkje om fritak frå overproduksjonsavgifta. Mjølkeprodusentar kan samarbeide om felles heilårsproduksjon av mjølk, kalla samdrift. Det er og mogleg å leige mjølkekvote. *For meir informasjon, sjå www.slf.dep.no.*

Litt om rekneskap og oppgåver

Rekneskap: Dei fleste landbruksføretak har avgrensa rekneskapsplikt, det vil seie at dei slepp å levere årsrekneskap til Brønnøysund, men må levere likningsoppgåve til skatteetaten (saman med sjølvmeldinga).

Faktura: Du skal sende ut faktura snarast mogleg og seinast ein månad etter at varen eller tenesta er levert. Fakturaen skal innehalde fakturanummer, namn og organisasjonsnummer på føretaket ditt, namn eller organisasjonsnummer til kunden, dato for fakturering og forfall, type teneste og sum. Dersom du er registrert i meirverdiavgiftsregisteret, skal du spesifisere meirverdiavgifta på fakturaen. Fakturanummeret skal enten vera førehandsnummerert eller generert elektronisk i eit datasystem. Dersom det er feil på ein faktura du har laga, skal denne ikkje kastast. Du må lage ein kreditnota på den delen av beløpet som er feil.

Bilag er grunnlaga for rekneskapen. Eit bilag kan vera ei faktura, ein nota, ei rekning eller ei kvittering. Det er same krav til bilag som til faktura.

Meirverdiavgift (mva): Dei fleste varer og tenester er meirverdiavgiftspliktige. Når du passerer 50 000,- i omsetning i løpet av dei siste 12 månadene, skal du søke om registrering i meirverdiavgiftsregisteret. Frå då av kan du trekke frå meirverdiavgifta på det du kjøper og du skal spesifisere meirverdiavgifta på fakturer du skriv. Du må òg levere årsoppgåve som landbruksføretak innan 10. april. Merk at meirverdiavgiftsperioden strekker seg over dei siste 12 månadene, uavhengig av kalenderår. Du har ikkje lov til å rekne med moms på fakturaer du skriv før du er registrert i meirverdiavgiftsregisteret.

For å kunne søkje om produksjonstilskot må du vere registrert i meirverdiavgiftsregisteret, eller ha ei omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på over kr 20 000,- i løpet av dei siste 12 månadene.

Kontakt skatteetaten, Brønnøysund-registra eller sjå på www.brreg.no for meir informasjon.



Næringsoppgåve er ei oppgåve som alle næringsdrivane pliktar å sende inn i tillegg til sjølvmeldinga. Oppgåva skal leverast uavhengig av om kor stor omsetning du har og sjølv om føretaket ikkje er i aktiv drift. Næringsoppgåva inneheld resultatrekneskap og balanse (RF1175).

Andre oppgåveplikter: Føretak må òg levere andre oppgåver til det offentlege. Kva oppgåver du skal levere er avhengig av type næringsverksemd og tal tilsette i føretaket ditt. Dette kan du finne ut ved å kontakte Brønnøysundregistra eller sjå på www.brreg.no eller www.bedin.no. Alle landbruksføretak må levere tilleggskjema for næringsdrivende i jordbruk/gartneri, skogbruk mv (RF-1177). Andre aktuelle skjema er til dømes skjema for utrekning av personinntekt (RF 1224), saldorskjema (RF-1084) og bilskjema (RF- 1225).

Oppgåver som arbeidsgjevar: Som arbeidsgjevar for til dømes ein avløysar, skal du føreta skattetrekk i lønnsutbetalingane og betale arbeidsgjevaravgift. Kontakt skatteetaten for å finne ut om du er pliktig til å føreta pensjonstrekk. Du skal levere terminoppgåve for arbeidsgjevaravgift og forskottstrekk (RF-1037) for to månader om gongen. Terminoppgåva skal leverast på papir eller via Altinn.no. Dersom du leverer terminoppgåva på papir, må du i tillegg levere års-oppgåve (RF-1025) ved årsslutt. Ved årsslutt skal alle arbeidsgjevarar levere lønns- og trekkoppgåve (RF-1015).

Du må registrere arbeidstakarane dine i Arbeidsgiver- og arbeidstakerregisteret (Aa-registeret) hjå NAV.

Litt om miljø og kvalitet

Miljøplan: Alle føretak som mottok offentlege tilskot til jordbruksproduksjon må ha ein miljøplan. Miljøplanen din skal dekke alle dei areala du disponerar og skal innehalde:

- o Kart over disponert areal
- o Gjødslingsplan
- o Sprøytejournal (der det er aktuelt)
- o Sjekkliste (skjema SLF-464)
- o Tiltaksplan: Plan for oppfølging av manglar du finn når du fyller ut sjekklista
- o Dokumentasjon på gjennomføring av tiltak

Miljøplanen skal oppdaterast kontinuerleg, men kvart år må sjekklista og tiltaksplanen vera ferdig innan **15. november**.

Samdrifter og andre samarbeidsføretak må ha ein **felles miljøplan** som dekkjer alt arealet som fellesskapet disponerar. Medlemmer i samdrifter kan ha eiga drift utanfor samdrifta, men må då ha ein eigen miljøplan for denne. Miljøplanen for det private føretaket må sjåast i samanheng med miljøplanen for samdrifta.

Kontakt kommunen for meir informasjon om miljøplan.

Kvalitetssystem i landbruket (KSL) er utvikla av landbruksnæringa for å sikre at maten held høg kvalitet og at produksjonen tek omsyn til både dyr, menneske og resten av naturen. Dersom du ikkje er medlem av KSL får du trekk i prisen på varene du leverer. KSL blir administrert av stiftinga KSL Matmerk. Landbruksorganisasjonane og -samvirka, Landbruks- og matdepartementet med fleire står bak KSL Matmerk. *Kontakt kommunen eller KSL Matmerk for meir informasjon.*

Økologisk landbruk: For å ha rett på offentlege tilskot til økologisk landbruksproduksjon må du vera godkjent av Debio. Debio er kontroll- og godkjenningsinstans for økologisk produksjon, foredling, omsetning og import i Noreg. Varer kan ikkje omsettast som økologiske utan at produsenten er godkjent av Debio. *Kontakt Debio for meir informasjon eller sjå på www.debio.no.*

Hugs å melde endringar av namn, adresse, næringsverksemd med meir til Einingsregisteret. Einingsregisteret skal ha melding når det skjer endringar i dei opplysningane som er registrerte der. Du kan melde endringar via internett, sjå www.brreg.no. Eller fyll ut blanketten "Samordnet registermelding Del 1- Hovedblankett" og send han til Einingsregisteret ved Brønnøysundregistra.

Oppdatere husdyrregisteret: Husdyrregisteret er det offisielle "folkeregisteret" for storfe i Noreg. Det er eit individregister der det skal registrerast opplysningar om kvart einskild storfe. Husdyrregisteret er mellom anna viktig for at Mattilsynet skal kunne handtere utbrot av smittsame dyresjukdomar. Som husdyreigar er du sjølv ansvarleg for å gje rett opplysningar til Husdyrregisteret. Dersom du har store avvik i husdyrregisteret, kan Mattilsynet forby all flytting av dyr til og frå dyrehaldet ditt. Dette kan føre til at du ikkje får sende dyr til slakt. Medlemmer i Storfekjøttkontrollen eller Kukontrollen rapporterer via rådgjevaren der. Andre rapporterer direkte til Husdyrregisteret på husdyrregisteret.mattilsynet.no eller på papirskjema til Mattilsynet. *Ta kontakt med det lokale Mattilsynet for meir informasjon.*

Hugs å søkje kommunen om løyve før du:

- Dyrkar opp nytt areal
- Utbetrar eller lagar ny landbruksveg eller skogsveg
- Gjer inngrep i kulturlandskapet
- Lagar jordtipp eller større planering

Tillatingar: I nokre næringsverksemdar er det nødvendig med spesiell godkjenning av føretak, bygningar eller areal for å kunne drive. For meir informasjon, ring *Narvik-telefonane* eller sjå på www.bedin.no.

Melding om dyrehald: Du skal melde frå til Mattilsynet før du etablerer eller overtek hald av storfe, småfe eller svin. Det same gjeld hald av struts, fjørfe eller hest i større skala. Du skal òg melde frå dersom du byggjer nye driftsbygningar, gjere vesentlege ombyggingar, legg ned drifta eller gjer andre større endringar. *Ta kontakt med det lokale Mattilsynet for meir informasjon eller sjå på www.regelhjelp.no.*



*Viktige søknadsfrister:
20. januar - produksjons-
tilskot og avløysartilskot
20. august - RMP og
produksjonstilskot*



Tilskotsguide

Her følger ei oversikt over støtte-/tilskotsordninger som er retta mot føretak med landbruksproduksjon.

Produksjonstilskot og tilskot til avløyising femner om desse tilskota:

- Tilskot til husdyr
- Tilskot til dyr på beite
- Arealtilskot
- Kulturlandskapstilskot
- Driftstilskot til mjølkeproduksjon
- Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon
- Tilskot til bevaringsverdige storferasar
- Omleggingstilskot til økologisk landbruk
- Arealtilskot til økologisk landbruk
- Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker
- Distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg
- Tilskot til avløyising ved ferie og fritid

For å ha rett til tilskot, må føretaket drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedommar og vere registrert i Einingsregisteret. I tillegg må føretaket enten vere registrert som meirverdiavgiftspliktig eller ha hatt ei samla omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på minimum kr 20 000 i løpet av dei siste 12 månadene før registreringsdatoen. Føretaket ditt må òg ha ein miljøplan. Dersom du held på å starte opp drifta, er det mogleg å søkje om dispensa-

sjon frå eit eller fleire av desse krava. Dersom du samarbeider med andre om produksjonen, skal de levere felles søknad om produksjonstilskot.

Produksjonstilskota og tilskot til avløyising har felles søknadsskjema og rettleiingshefte. Søknad kan leverast elektronisk på www.altinn.no eller på papir til kommunen. Den første gongen du søker, må du levere papirsøknad til kommunen. Tilskota er fordelt på to søknadsomgangar i året, med søknadsfrist **20. august og 20. januar**. *Kontakt kommunen for meir informasjon eller sjå på www.slf.dep.no.*

Regionalt miljøprogram (RMP) omfattar ordninger som skal ta vare på det spesielle landskapet og landbruket i Hordaland:

Tema kulturlandskap:

- Tilskot til organisert beitebruk
- Tilskot til verdifullt kulturbete
- Tilskot til ammegeit
- Tilskot til brattlendte bruk

Tema biologisk mangfald

- Tilskot til tradisjonelle husdyrrasar
 - Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raukoll
 - Gamal norsk sau som beiter på kystlynghei
- Tilskot til styvingstre
- Tilskot til artsrik slåttemark

- Tilskot til artsrik beitemark
- Tilskot til kystlynghei
- Tilskot til gamle frukthagar
- Tilskot til friområde for grågås

Tema kulturhistoriske miljø og kulturminner

- Tilskot til agrare freda bygg og kulturmiljø (agrare bygg)
- Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne
- Tilskot til steingardar og bakkemurar
- Tilskot til forvaltning og skjøtsel av stølsmiljø
- Tilskot til forvaltning og skjøtsel av kystgardar utan veg

Tema friluftsliv

- Tilskot til skjøtsel av merka stier over eller i kanten av innmark

Tilskot knytt til regionalt miljøprogram har eit felles søknadsskjema og rettleiingshefte. (Med atterhald om endringar, tilskotsordningane vert endeleg godkjente av SLF og avtalepartane i januar 2009). *Søknadsfrist er 20. august. Kontakt kommunen for meir informasjon.*

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL):

Du kan få SMIL-middel til tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet og reduserar forureininga frå jordbruket. Eigeninnsats frå søkjar utgjer ein stor del av finansieringa. Kvar einskild kommune tilpassar ordninga til sine lokale

utfordringar og mål, men det vert gitt tilskot til følgjande tiltak og typar prosjekt:

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt
- Tiltak for å fremje/ ivareta:
 - biologisk mangfald
 - gamal kulturmark
 - tilgjenge og opplevingskvalitet
 - andre kulturminne/ -miljø
 - freda og verneverdige bygningar
- Tiltak mot forureining
- Investerings tiltak for organisert beitebruk

Kontakt kommunen for meir informasjon.

Tilskot til avløyasing ved sjukdom med vidare:

Du kan få tilskot til avløyasår når du er sjukemeldt, i samband med svangerskap, fødsel og adopsjon, sjuke barn og dødsfall. *Sjå meir om ordninga i rettleiingsheftet for "produksjonstilskot", www.slf.dep.no eller kontakt kommunen eller det lokale avløyasårlaget.* Søknad skal leverast til kommunen innan 3 månader etter siste dag som gjev rett på tilskot.



Tidlegpensjon til jordbrukarar: Brukar og ektefelle/sambuar kan søkje om tidlegpensjon når brukar har fylt 62 år. For meir informasjon, *sjå rettleiingsheftet for "produksjonstilskot", www.slf.dep.no eller kontakt kommunen.*

Praktikantordninga i landbruket:

Ungdom i alderen 16-30 år kan arbeide i 6-12 månader som praktikant hjå ein praksisvert, det vil seie ein gardbrukar eller eit avløysarlag. Som praksisvert har du arbeidsgjevaransvar for praktikanten. Praksisverten kan få tilskot som dekker 60% av arbeidsgjevaravgifta og yrkesskade-forsikringa for praktikanten, samt 65% av lønn og feriepengar til praktikanten etter lønnstrinn 1 i Statens regulativ. Det kan bli gitt refusjon på kr 2000 for verneutstyr til praktikanten. Avløysartilskotet kan ikkje nyttast til å dekke eigendelen av praktikantordninga. *Kontakt kommunen for meir informasjon.*

Bygdeutviklingsmidlar (BU- midlar) er tilskotsordningar til næringsutvikling som gjev langsiktig og lønnsam verdiskaping i landbruket:

- **Etablerarstipend:** Tilskot til å forbetre og etablere ny næringsverksemd knytt til gardsbruk. Du kan få inntil 75 % av godkjent kostnadsoverslag dekkja av tilskot. Kostnader som kan delfinansierast er til dømes marknadsundersøkingar, kompetanseoppbygging, produktutvikling og prøveproduksjon. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*
- **Bedriftsutviklingstilskot:** Etablerte tilleggsnæringar på gardsbruk kan få støtte til tiltak som gjeld kompetanseutvikling, produktutvikling og marknadsutvikling. Generelt kan det bli gitt tilskot som dekker inntil 50 % av kostnadene, men kvinner og ungdom kan få inntil 75 % av kostnadane dekkja. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*
- **Investeringstilskot:** Tilskot til ombygging og nybygging av driftsbygningar innan tradisjonelt landbruk og til investeringar innan tilleggsnæringar. Tilskotet kan dekke inntil 30 % av kostnadene, men ulike avgrensingar gjer at tilskotsprosenten normalt er mellom 15 til 25 %. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*
- **Etablerartilskot ved generasjons-skifte:** Tilskot til personar under 35 år som i samband med overtaking av landbrukseigedom treng å gjennomføre mindre investeringar i driftsbygningar for tradisjonelt landbruk eller innan tilleggsnæringar. Øvre kostnadsgrense for investeringane er vanlegvis kr 500.000. Menn kan maksimalt få inntil 40 % tilskot, medan kvinner kan få inntil 60 % tilskot. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*
- **Utgreiings og tilretteleggingstiltak** Til fellestiltak som kurs og studiereiser, organisasjonsutvikling, mobilisering, forstudier mm. knytt til landbruk og bygdeliv. Tiltak retta mot ungdom og kvinner. *Kontakt Fylkesmannen sin Landbruksavdeling for meir informasjon.*



Nyttige nettadresser:

www.slf.dep.no

hordaland.lfr.no

www.bondelaget.no/hordaland




www.smabrukarlaget.no/fylke/hordaland

www.vestskog.no

www.fylkesmannen.no/hordaland

www.mattilsynet.no

www.innovasjon Norge.no



Distriktsutviklingstilskot vert gjeve i definerte distriktsutviklingsområde. Det kan bli gitt tilskot til bedriftsutviklingsprosjekt og i noko grad til delfinansiering av fysiske investeringar. Tilskota skal bidra til nyskaping og omstilling i distrikta. Prosjekta skal vera samfunnsøkonomisk lønnsame. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*

Lån: Landbruk og landbruksrelaterte næringar kan få gunstige lån, mellom anna til driftsbygningar for tradisjonelt landbruk/ tilleggsnæringar, til bustadhus på gardsbruk og til kjøp av eigedom. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*

Rentestøtte: Tilskot i form av redusert rentenivå på nye lån til investeringar. Rentestøtta utgjer 50 % av renta på tre års statsobligasjonar. Lånet som ligg til grunn for rentestøtta kan takast opp i Innovasjon Norge eller i ein annan bank. Rentestøtta blir utbetalt årleg over 15 år. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*

Skattefrådragsordninga **SkatteFUNN** kan gje verksemder opp til 20 % skattefrådrag på kostnader knytt til forskings- og utviklingsprosjekt (ikkje vanleg bedriftsorientert produktutvikling). Prosjektet må godkjennast av Norges forskingsråd. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*

Med **Bioenergiprogrammet** skal bioenergi vidareutviklast som forretningsområde for

jord- og skogbruksnæringa. Det kan bli gitt støtte til bygging av anlegg for sal av varme, gardsvarmeanlegg, veksthusoppvarming, anlegg for produksjon og sal av brensel og til biogass/ biodrivstoffanlegg. Det kan bli gitt maksimalt 50 % tilskot. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*

Gjennom **Matprogrammet** får bønder, næringsmiddelbedrifter og reiselivsbedrifter hjelp til å utvikle bedrifta og auke lønsemda og konkurranseevna i produksjonen av norske matvarer. Programmet omfattar områda marknad/ sal, produktutvikling og kompetanse/ bedriftsutvikling. *Kontakt Innovasjon Norge for meir informasjon.*

Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK):

- Tilskot til skogkultur: tilskot til ungsogpleie og andre tiltak som fremjar kvaliteten på skogen. *Kontakt kommunen for meir informasjon.*
- Tilskot til miljøtiltak i skog. *Kontakt kommunen for meir informasjon.*
- Tilskot til andre tiltak og prosjekt som er med på å utvikle skogbruket i ein kommune eller region. *Kontakt kommunen for meir informasjon.*
- Tilskot til vegbygging. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.*
- Tilskot til drift med taubane, hest o.a. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.*

Skogfond skal sikre dei langsiktige investeringane i skogbruket på eigedommen din. Skogfond er ei tvungen fondsavsetning. Det inneber at ved sal av tømmer skal ein stad mellom 4 og 40 % av brutto tømmerinntekter setjast av på skogfond. Ved sal gjennom skogeigarlag eller til andre kjøparar skal desse føreta innbetalinga. Ved til dømes vedsal kan ein sjølv avgjera om ein vil betala inn skogfond, og då er skogeigar sjølv ansvarleg for det. For juletre og pyntegrønt er det viktig å vera klar over at ein er pliktig til å rapportera inn sal, men ein avgjer sjølv om ein vil betala inn til skogfond.

Du har krav på utbetalingar frå skogfondet når du har gjennomført investeringar som ein kan nytta skogfond til. Dette gjer ein ved å ta kontakt med skogansvarleg i kommunen. Når ein finansierar investeringar i skog med skogfond oppnår ein skattefordelar. Det skjer ved at avsetning til skogfond ikkje er inntekt i utgangspunktet og ved at 85 % av det ein tek ut frå skogfondet heller ikkje vert ført som inntekt. Reint praktisk er det slik skattefordelen på ei investering som vert finansiert 100 % med skogfond, tilsvargar 50 % i tilskot.

Skogfond kan nyttast til:

- Skogkulturtiltak: planlegging, administrasjon og gjennomføring:
 - Forynging og etablering av skog, inkludert felt for juletre- og pyntegrøntproduksjon.
 - Kvalitets- og produksjonsfremmande tiltak.

- Bygging av nye skogsvegar og ombygging og opprusting av eksisterande skogsvegar. Dette gjeld både skogsbilvegar og traktorvegar.
- Vedlikehald av skogsbilvegar
- Miljøtiltak
- Skogbruksplanlegging med miljøregistrering.
- Investeringar i bioenergiltak
- Forsikring mot stormskadar og brann på skog.
- Kompetansehevande tiltak knytt til miljøomsyn, skoetablering og skogproduksjon, samt verdiskaping knytt til trebaserte produkt.
- Oppmerking av eigedomsgrenser og nødvendige handlangarutgifter ved jordskifte i skog.
- Meirverdiavgift (bruk av skogfond til dekking av meirverdiavgift, gjev ikkje skattefordel).

Kontakt kommunen for meir informasjon.

Midlar til informasjons- og utviklings- tiltak innan miljø skal bidra til auka fokus på miljø og forureining i landbruket og kulturlandskapet, betre rådgeving og bruk av forskingsresultat i praktisk jordbruk. Det kan tildelast støtte til næringsretta tiltak, hovudsakleg slike som kjem inn under RMP og SMIL. Vanlege kostnader for drifts og administrasjon kan ikkje støttast. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.*

Midlar knytt til **Handlingsplanmiddel for økologisk landbruk** er støtte til større prosjekt (ikkje einskildebønder). Prosjektet må vere forankra i Handlingsplanen for Hordaland og Sogn og Fjordane for å kunne få støtte. I tillegg må informasjonen som kjem fram i prosjektet ha overføringsverdi og bidra til at Noreg når målet om 15 % produksjon og forbruk av økologisk mat innan 2015. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.*

Tilskot til førebyggjande og konflikt-dempande tiltak i forhold til rovviltsskadar

Tilskot kan bli gitt til husdyr- og reineigarar, kommunar og lokalsamfunn. Regionale og landsdekkande organisasjonar og forskingsinstitusjonar kan òg få tilskot. For å få tilskot må det vera stort sannsyn for at tiltaka reduserar tapa direkte. Utvida tilsyn vil difor ikkje åleine gje rett på tilskot. Søknadsfrist er 15. januar. Send søknad om konflikt-dempande tiltak til Direktoratet for naturforvaltning. Søknad om tilskot til førebyggjande tiltak skal bli registrert elektronisk. *Sjå www.rovdyrportalen.no for meir informasjon.*

Tilskot til kulturminnetiltak

Eigarar av kulturminner og kulturmiljø kan søkje om tilskot til konkrete vernetiltak. *Kontakt fylkeskommunen eller Norsk kulturminnefond for meir informasjon.*





Erstatningsordninger

Naturskadeerstatning er erstatning til private grunneigarar for tapstilfelle som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot i ein alminneleg forsikringsordning. Dette kan vera vegar og bruer, frittståande murar og byggverk som vern mot flom og ras, kaiar og moloar av stein, gjerder, jord- og skogbruksareal, utmark ved skade på grunnen og skog (ikkje stormskadar). Skadar som direkte skuldast naturulukke (storm, stormflo, skred med vidare) kan gje rett til erstatning. Skaden skal meldast til lensmann/ politi eller namsfogd innan tre månader etter at skaden har skjedd. Det er ein eigendel på kr 10 000 pluss 15 % av resten av kostnadene.

Kontakt Statens landbruksforvaltning for meir informasjon.

Naturskadeerstatninga gjeld ikkje lenger for skog, her kan ein i staden teikna forsikring i Skogbrand. *Kontakt kommunen for meir informasjon.*

Erstatning ved klimaforårsaka skadar i plante- og honningproduksjon:

- Erstatning ved avlingssvikt. I særlege tilfelle vert òg redusert kvalitet av frukt og bær rekna som avlingssvikt. Søknadsfrist **31. oktober**.
- Erstatning ved vinterskade på eng. Søknadsfrist **15. juli**

- Erstatning ved svikt i honningproduksjon. Søknadsfrist **31. oktober**.
- Erstatning ved tap av bifolk: Søknad må sendast **innan 3 månader** etter at skaden vart oppdaga eller burde vore oppdaga. *Kontakt kommunen for meir informasjon.*

Erstatning for tap av sau på beite er økonomisk støtte til føretak som har hatt særleg store tap av sau på beite. For å ha rett på erstatning må det ikkje vera mogleg å forsikra seg mot tapet gjennom ei vanleg forsikringsordning. Ordninga gjeld føretak som har rett til produksjonstilskot i landbruket. Tapet må kunne dokumenterast. Søknadsfrist er **31. desember** i tapsåret. *Kontakt kommunen for meir informasjon.* Føretak som ønskjer å bli vurdert både for erstatning for tap av sau på beite og for erstatning for tap av husdyr til rovvilt, må sende begge søknadene til kommunen innan **1. november** i tapsåret.

Erstatning for tap av husdyr til rovvilt: Eigaren av husdyret har rett til full erstatning når gaupe, bjørn, ulv eller kongeørn er årsak til tap av husdyr. I tilfelle der ein ikkje finn kadaveret eller det ikkje er mogleg å seie sikkert kva som er skadeårsak, kan det bli gitt erstatning etter ei skønnsvurdering. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.*

Søknadsfrist er **1. november** i tapsåret. Føretak som ønskjer å bli vurdert både for erstatning for tap av sau på beite og for erstatning for tap av husdyr til rovvilt, må sende begge søknadene til kommunen innan **1. november** i tapsåret.

Erstatning etter frivillig nedslakting:

- Erstatning etter tap av offentlege pålegg: Eigar har rett til erstatning for husdyr som vert avliva etter pålegg (jf. Matlova § 22), døyrt før slikt pålegg vert gjeve eller døyrt som følgje av pålagt behandling. Eigar har òg rett til erstatning for gjennomføring av pålagde tiltak for å fjerna moglege smittestoff. Standardheving i driftsbygningar og liknande skal trekkjast frå.
- Erstatning etter tap av offentlege restriksjonar (jf. Matlova § 31): Sauueigar som får restriksjonar mot sending på fellesbeite på grunn av skrapesjuke eller mædi-/visnaviruset og som vel å slakte ned heile buskapen innan 6 månader etter at slike restriksjonar er vedteke, kan søkje om erstatning. For å få erstatning må heile buskapen slaktast og det må gjennomførast generelle sanerings-tiltak fastsett av Mattilsynet.
- Erstatning for tapt produksjonstilskot i ein opphaldsperiode mellom nedslakting og ny oppstart av drifta.

Søknaden skal sendast **innan 6 månader** etter pålagt eller frivillig nedslakting. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.*

Erstatning ved vedtak om flytte-restriksjonar på produksjonskubar i honningproduksjon: Føretak med honningproduksjon kan få erstatning dersom vedtak om flytterestriksjon fører til tap i honningproduksjonen. Søknaden skal sendast **innan 6 månader** etter at vedtaket om restriksjon er fatta. Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.

Erstatningsordninger for tap i storfe- og småfehold som følgje av radioaktivitet:

- Erstatning for ordinære nedføringskostnader.
- Erstatning for dyr som kreperer under nedføring.
- Erstatning for slakt som ikkje kan nyttast til menneskeføde.
- Erstatning for ku- eller geitemjolk som ikkje kan nyttast som menneskeføde i lokal foredling.

For å ha rett til erstatning må det følgjast nedføringsplan fastsett av Mattilsynet. Nedføring skal dokumenterast av kommunen. Dyr som døyrt under nedføring eller vert slakta, skal dokumenterast. *Kontakt fylkesmannen for meir informasjon.* Send søknad til fylkesmannen innan **31. desember** i skadeåret.

Kurs og etterutdanning


Ulike organisasjonar har tilbod om kurs og etterutdanning.

Aktørar i Hordaland:

- Kommunane
- Grønt kompetansesenter Hjeltnes
- Landbrukets forsøksringar
- Stend jordbruksskule
- Voss jordbruksskule
- Vestnorsk kulturakademi på Voss
- Vestskog BA er lokal kontakt for kurs i Aktiv Skogbruk-serien
- Bygdefolkets Studieforbund
- Hordaland Bondelag har funksjon som regionkontakt for Hordaland.
- Avløyserlaga

Nasjonale aktørar:

- Høgskulen for landbruk og bygdenæringar
- Skogbrukets kursinstitutt
- Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Universitetet for miljø- og biovitenskap



Nyttige adresser og telefonnummer:

Brønnøysundregistra
Einingsregisteret
8910 Brønnøysund
Tlf 75 00 75 00
www.brreg.no

Debio
1940 Bjørkelangen
Tlf 63 86 26 50
www.debio.no

Direktoratet for natur-
forvaltning
Tungasletta 2
7485 Trondheim
Tlf 73 58 05 00
www.dirnat.no
www.rovdyrportalen.no

Forsøksringen Hordaland
Fanaveien 249
5244 Fana
Tlf 98 24 58 30
www.hordaland.lfr.no

Hjeltnes gartnarskule
5730 Ulvik
Tlf 56 53 88 00
www.hgs.hfk.no

Hordaland Bondelag
Fanaveien 245
5244 Fana
Tlf 55 91 88 80
www.bondelaget.no

Hordaland Bonde- og
Småbrukarlag
Øvre vollgt 9
0158 Oslo
Tlf 24 14 89 50
www.smabrukarlaget.no

Høgskulen for landbruk og
bygdenæringar
Tårnvegen 9 - Nærlandparken
4365 Nærbø
Tlf 51 79 94 00
www.hlb.no

Innovasjon Norge
Kaigaten 9
Pb. 7322
5020 Bergen
Tlf 55 55 93 55
www.innovasjonnorge.no

KSL Matmerk
Tollbugt. 32
Postboks 487- Sentrum
0105 Oslo
Tlf 24 14 83 00
www.kslmatmerk.no

Mattilsynet
Felles Postmottak
Postboks 383
2381 Brumunddal
Tlf lokalt 06040
www.mattilsynet.no
husdyrregisteret.mattilsynet.no

Skogbrukets Kursinstiutt
Honne
2836 Biri
Tlf 61 14 81 99
www.skogkurs.no

Sogn Jord- og Hagebruksskule
5745 Aurland
Tlf 57 63 26 50
www.sjh.vgs.no

Statens landbruksforvaltning
Stortingsgt 28, 0161 Oslo
Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo
Tlf 24 13 10 00
www.slf.dep.no

Stend vidaregåande skule
Fanaveien 249
5244 Fana
Tlf 55 91 88 00
stj.hfk.no

Universitetet for miljø- og
biovitenskap (UMB)
Postboks 5003
1432 Ås
Tlf 64 96 50 00
www.umb.no

Norsk kulturminnefond
Bergmannsgata 25
Postboks 253 Røros
7361 Røros
Tlf 73 10 36 00
www.kulturminnefondet.no

Vestnorsk kulturakademi
Magasinvegen 26
5700 Voss
Tlf 56 51 32 50
www.kulturakademi.no

Vestskog BA
5736 Granvin
Tlf 56 52 53 30
www.vestskog.no

Voss Jordbruksskule
5710 Skulestadmo
Tlf 56 53 24 00
voj.hfk.no

Norske Landbrukstenester
Skålagato 36, 4856 Rosendal
Postboks 21
Tlf 53 48 22 80
www.landbrukstenester.no

Bygdefolkets Studieforbund
Schweigaardsgate 34F,
oppgang 2
Postboks 9388 Grønland, 0135
Oslo
Tlf 22 05 48 30
www.bsfstudie.no

Hordaland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900, 5020 Bergen
Tlf 55 23 90 00
www.hordaland.no

Landbruks- og mat-
departementet
Akersgata 59, Oslo
Postboks 8007 Dep., 0030 Oslo
Tlf 22 24 90 90
www.regjeringen.no

Miljøverndepartementet
Myntgata 2, Oslo
Postboks 8013 Dep., 0030 Oslo
Tlf 22 24 90 90
www.regjeringen.no

Nyttige telefonnummer:
Narviktelefonane: 80 03 38 40
Gratis rådgjeving for oppstart
og drift av føretak. Nærings- og
handelsdepartementet står bak
Narviktelefonane.

**Andre nyttige internet-
adresser:**

www.bedin.no: side frå
Nærings- og handelsdep. om
oppstart og drift av bedrifter.
Dette er nettløysinga av
Narviktelefonane.

www.spor-oss.no: offentleg
informasjonsside om oppstart
og drift av bedrifter.

www.regelhjelp.no: offentleg
informasjonsside der dei
viktigaste krava til landbruket
er samla og prioritert. Inneheld
mellom anna oppdater infor-
masjon om HMS-regelverket
og regelverket frå Mattilsynet.
www.lovdatab.no: side med
gratis informasjon om lovar,
forskrifter og nye avgjersler frå
høgsterett og lagmannsrett.
www.skatteetaten.no: nettsida
til skatteetaten. Skatteetaten er
organisert som regionale skatte-
kontor, sett saman av tidlegare
likningskontoret, skattefogd-
kontoret og fylkesskatte-
kontoret.

www.innpaaturunet.no: statleg
drifta nettside med informasjon
om og for Inn på tunet-
verksemd. I Inn på tunet vert
garden nytta som ressurs i
opplærings, helse- og sosial-
sektoren, i eit nært samarbeid
mellom gardbrukaren og
kommunen.

www.landskapspark.no:
informasjonsside om og for
landskapsparkane i Noreg.

Avsender: Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga
Postboks 7310
5020 Bergen

Besøksadresse: Statens hus, Kaigaten 9
Tlf: 55 57 20 00
Faks: 55 57 21 41
www.fylkesmannen.no